

UTDANNINGSSTRATEGI 2019–2021





INNHALD

| | |
|---|---|
| 1. Visjon og mål..... | 3 |
| Mål 1. Samarbeid om utdanning skal bidra til passende innhald, dimensjonering og endringar i utdanninga på grunnlag av behova i helse- og omsorgstenesta i regionen | 3 |
| Mål 2. Regionalt samarbeid om praksisplassar skal bidra til rett dimensjonering, god kvalitet og innovativt fokus..... | 3 |
| Mål 3. Strategien skal sørge for meir samanheng mellom utdanningskapasitet og behov i heile regionen..... | 4 |
| 2. Bakgrunn for og forankring av strategien | 4 |
| 2.1. Regionalt samarbeid mellom helseføretak og universitet- og høgskulesektoren – dagens situasjon | 4 |
| 3. Årleg gjennomgang av tiltaka i forskings- og innovasjonsstrategien..... | 6 |

1. VISJON OG MÅL

Det overordna målet for Regionalt samarbeidsorgan for utdanning er å bidra til ei berekraftig helseteneste og eit relevant, kvalitetssikra, og riktig dimensjonert utdanningstilbod i heile regionen.

Alle aktørane i samarbeidsorganet deler på det same pasientgrunnlaget. Det legg føringar for praksisopplæringa, som er ein sentral del av utdanningsløpa. God dialog og gode rutinar rundt utdanningssamarbeid mellom aktørane er derfor heilt nødvendig for å vareta kvaliteten i utdanningsløpa og behova i helsetenesta.

Mål 1. Relevans:

Samarbeid om utdanning skal bidra til relevant innhald i utdanningane og at endringar blir gjorde på grunnlag av behova og utviklinga i helse- og omsorgstenesta i regionen.

Tiltak

- Følgje med på og vurdere utviklingstrekk som påverkar utdanningsbehovet, som demografisk og teknologisk utvikling, og sjukdomsutvikling blant innbyggjarane
- Bidra til at behov for endringar i utdanningane blir løfta opp til nasjonalt nivå når det er aktuelt, og bidra til eit tettare samarbeid mellom respektive oppdragsgjevarar (HOD og KD)
- Bidra til å definere rammer for kombinerte stillingar mellom helseføretak og UH-sektoren
- Sørgje for at forslag om nye utdanningar blir diskutert i samarbeidsorganet på eit tidleg tidspunkt, med fokus på handtering av praksisplassar
- Vurdere korleis ein kan utvikle samarbeid om utdanning med kommunar og fylkeskommunar

Mål 2. Kvalitet:

Samarbeidsorganet skal bidra til god kvalitet i utdanningane og med innovativt fokus

Tiltak

- Konkretisere arealbehova i helseføretaka ved planlegging av nye sjukehus og ombygging/utbygging av den eksisterande bygningsmassen med tanke på pasientnær undervisning
- Ha ansvar for å arrangere ein årleg utdanningskonferanse der samarbeid mellom UH-sektoren og helseføretaka står i fokus
- Utarbeide standard avtalemalar for å sikre gode samarbeidsavtalar mellom sektorane
- Bidra til å utvikle kompetanse i helseføretaka og studietilbod innanfor rettleingspedagogikk
- Bidra til å vidareutvikle praksismodellar og praksisarenaer

Mål 3. Dimensjonering:

Samarbeidsorganet skal bidra til at det er sammenheng mellom utdanningskapasitet og behov på tvers av regionen

Tiltak

- Vurdere regionale og lokale behov for kompetanse, også med omsyn til vidareutdanningar og masterutdanningar for helse- og sosialfaglege utdanningar, i tillegg til behov knytte til legar i spesialistutdanningar.
- Bidra til å sikre at kandidatmåltal og behova i helsetenesta og praksisavtalar er i samsvar med kvarandre
- Ta i bruk nasjonal bemanningsmodell i planlegging av bemanning- og kompetansebehov i regionen

2. BAKGRUNN FOR OG FORANKRING AV STRATEGIEN

Helse- og omsorgsdepartementet gir instruks¹ til dei regionale helseføretaka om å samarbeide med universitet og høgskular. Instruksen blei sist revidert i 2013 og skal sikre at samarbeidet tar hand om:

- Saker innanfor helseforskning og innovasjon som er av gjensidig interesse
- Universiteta og høgskulen sine behov for undervisning, opplæring og rettleiing av studentar
- At utdanning og forskning er i tråd med behova i spesialisthelsetenesta

Det er rammeavtalen² mellom Helse Vest RHF og utdanningsinstitusjonane i regionen (Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vetslandet og VID vitenskapelige høgskole) om forskning, innovasjon og utdanning som regulerer samarbeidet. Rammeavtalen bestemmer samarbeidsformene og dei gjensidige rettane og pliktene til partane for å sikre eit konstruktivt samarbeid, og det er i rammeavtalen mandatet til samarbeidsorgana ligg.


2.1 Regionalt samarbeid mellom helseføretak og universitet- og høgskulesektoren – dagens situasjon

Helse- og sosialfagutdanningane krev eit nært og forpliktande samarbeid mellom helseføretak, dei private ideelle institusjonane og utdanningsinstitusjonane. Føretaka har ansvar for vidare spesialisering innanfor medisin (sjå Fig 1).

Det har i lang tid vore utarbeidd avtalar om utdanning mellom helseføretak og utdanningsinstitusjonane. I den sammenheng gjorde arbeidsgruppa eit omfattande arbeid med å kartleggje eksisterande avtalar. Kartlegginga viser at det eksisterer avtalar på mange organisatoriske nivå i stort tal og med ulik grad av detaljering, og at det her er behov for eit oppryddingsarbeid.



Figur 1 (ovenfor) illustrerer samhandlinga mellom utdanningsinstitusjonar og helseføretak innanfor helseprofesjonar. Begge er gjensidig avhengige av kvarandre for å få til eit godt samarbeid



Figur 2 (over) viser i prinsippet kvar den viktigaste samhandlinga mellom utdanningsinstitusjonar og helseføretak førekjem med tanke på helse- og sosialfaglege utdanningar. I tillegg finst samhandling også utanfor regionen, og internt mellom einingane.

3. ÅRLEG GJENNOMGANG AV TILTAK I UTDANNINGSSTRATEGIEN

Regionalt samarbeidsorgan for utdanning vil årleg gå gjennom strategien for å vurdere kva mål og tiltak som bør prioriterast i det aktuelle året.

Strategien er utarbeidd av: Regionalt samarbeidsorgan for utdanning, Helse Vest

Kontakt:

E-post: sb_hbe_fouutdanning@ihelse.net

*Haukeland universitetssjukehus
Kompetansesenter for klinisk forskning
Postboks 1400
5021 Bergen*

Forsidebilde: Pixabay